

## Leveld er eit kulturminne i seg sjølv

Har du god tid og lyst på litt ekstra trim kan du velje den store runden i Leveld. Då følgjer du fylkesvegen austover frå Leveld skule til bygdevegen som tek av til venstre. Denne vegen går gjennom fleire tun fram til Snogsrud. Gå vidare vegen ned til Feten og fylkesvegen attende til Leveld skule.

Men om du ikkje har så god tid, eller rett og slett ikkje er heilt i toppform kan du ta den vesle runden. Då følgjer du fylkesvegen austover frå Leveld skule til

same bygdeveg. Men denne gongen går du berre til Oleivsgard før du tek «sambindingsvegen» til fylkesvegen og attende til Leveld skule.

Leveld var lenge ynda som reisemål for norske kunstnarar. Målaren Gerhard Munthe (1849–1929) var så imponert over Leveld at han døypte huset sitt på Lysaker for Villa Leveld. Og forfattaren Jens Bjørneboe (1920–1976) skreiv fleire av sine kjende bøker på eit loft i Leveld.



For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet, 1:50 000



Leveld skule.



God parkering ved Leveld skule.



God grusveg og noko asfalt.  
Passar for alle.



Fin tur gjennom kulturlandskapet i Leveld.



Stor runde 1 ½ time,  
liten runde ¾ time.

